

# Hjelmeland Senterparti

## Program Kommunevalet 2023

For eit Hjelmeland med tenester nær alle i heile kommunen, eit velfungerande lokaldemokrati der di meining betyr noko, og der næringslivet får gode, berekraftige vilkår!



# Viktige saker

- Tenester nær folk
- Trygge oppvekstmiljø
- Gratis barnehage
- Meir bustadbygging
- Meir næringsareal
- Matkommunen Hjelmeland
- Uformelle møteplassar
- Rassikring og utbetring av RV 13
- Fullføra breibandutbygginga
- Sikker straumforsyning
- Meir nærkraft og fornybar energi

## Grunnsyn og verdigrunnlag

Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå.

Senterpartiet byggjer på kristne og humanistiske grunnverdiar, der rettferd, tryggleik og likeverd er berande prinsipp.

Me vil arbeida for eit samfunn der menneske kan utvikla seg fritt.

Senterpartiet sin politikk er å skapa fellesskap av frie, sjølvstendige menneske, der den private eigedomsretten står sentralt.

Senterpartiet ser på jorda som ein arv me må forvalta godt for dei som kjem etter oss. Det me har i dag, må overlastast i betre stand til neste generasjon enn då me overtok.

Me vil at skattane skal fordelast rettferdig og etter evne, og er imot usosiale skattar og avgifter.

## Lokaldemokrati

Lokaldemokratiet handlar om å verta sett og høyrt. Dei som styrer bør difor vera av folket og nær folket.

Senterpartiet vil

- Vidareutvikla Hjelmeland som eigen kommune
- Sikra gode kommunale tenester
- Byggja gode alliansar med nabokommunar
- Styrka Ryfylke som region
- Ha tett samarbeid med landbruk og næringsliv
- Utvikla samarbeidet med bygdaråd, lag og organisasjonar

## Økonomi

Byggja vidare på god og stabil kommuneøkonomi etter åtte år med Hjelmeland Senterparti i posisjon.

Senterpartiet vil

- Sikra forsvarleg budsjettstyring og god forvaltning av kommunen sine midlar
- Påverka sentrale styresmakter til å sikra vekst i kommuneøkonomien
- Halda kommunale avgifter så lågt som mogleg

## Skule og oppvekst

Gode barnehagar og skular er avgjerande for trygg og god oppvekst. Alle barn og ungdommar skal få ein god start i Hjelmeland.

Senterpartiet vil

- Tilby gratis barnehageplass
- Oppretthalda god og forsvarleg barnehage- og skulestruktur
- Tilby barnehagetilbod med mangfald og kvalitet
- Bruka nærområda og heile kommunen som læringsarena for skular og barnehagar
- Vidareføra gratis skulefrukt
- Ha fagleg godt lærings- og psykososialt miljø i skule og barnehage
- At «læraren får vera lærar», redusera byråkrati og rapportering

- At barn og unge skal få med seg læring og gode minne fra kulturelle og sosiale tilstellingar, ekskursjonar og leirskuleveke
- Ha SFO med meiningsfylt innhald

### Helse og omsorg

Ung, gammal eller midt i - helsa di er avgjerande for korleis du har det. Du skal kunne leva heile livet godt i Hjelmeland.

Senterpartiet vil

- Inkludera folkehelse i all samfunnsplanlegging
- Styrka førebyggjande og helsefremjande arbeid
- Oppretthalda gode og forsvarlege omsorgs- og helsetenester
- At omsorgstrengjande skal få bu heime lengst mogleg
- Førebyggja einsemd for eldre ved bruk av mellom anna frivilligheita, besøksvenn og seniortaxi
- Prioritera bustadtilbod for eldre i sentrumsområda
- Sikra eldreomsorg med meiningsfulle dagar og god kvardagsrehabilitering
- Oppretthalda ei trygg legevaktordning
- Redusera barnefattigdom og oppretthalda kommunalt Fritidskort
- Tilby heildøgns avlastningsbustader for barn, ungdom og familiar som treng det i periodar

## Samferdsel og kommunikasjon

Senterpartiet er pådrivar for infrastruktur- og vegprosjekt.

Mobilnett, straum og digital infrastruktur skal styrkast.

### Samferdsel

Senterpartiet vil

- Realisera Årdalstunellen og rassikring RV 13
- Ha RV 13 og E134 som «snarvegen til Austlandet»
- Praktisera vegenormalar for bilveg og gang- og sykkelveg tilpassa lokale forhold, slik at nye prosjekt får meir framdrift
- Ha forpliktande gang- og sykkelvegstrategi for skuleborn
- Auka standarden på Fylkesveg 661 til Lyngsheia som er eit viktig friluftsområde for Hjelmeland, Strand og Nord-Jæren
- Arbeida for betre standard på fylkesvegar:
  - ✓ Kleppakrysset til Viganeset
  - ✓ Randøy rundt
  - ✓ Fisterneset
- Utvikla kollektivtilbodet internt i kommunen
- Behalda ordninga med ungdoms- og seniortaxi
- Utbetra flaskehalsar og ha oppskriving av vektklassar

## Digital infrastruktur

Senterpartiet vil

- Fullføra arbeidet med breiband til alle
- Ha sikkert og stabilt mobil- og straumnett
- Arbeida for ekstra straumlinje inn til kommunen

## Areal og næring

Senterpartiet vil sikra eit variert og sterkt næringsliv gjennom framtidsretta og berekraftig arealforvaltning.

Eit variert og sterkt næringsliv er viktig for kommunen og for innbyggjarane våre.

Senterpartiet vil

- Utvikla næringar med lokale fortrinn og naturressursar som havbruk, tradisjonelt fiske, jordbruk, skogbruk, reiseliv, nærkraft og byggjeråstoff
- Regulera og realisera meir næringsareal
- Sikra variert bruksstruktur i landbruket
- Sikra produksjonsareala til landbruket
- Stimulera til investeringar i driftsbygningar og driftsapparat
- Utvikla Matkommunen Hjelmeland
- Stimulera til lokal foredling av råvarer
- Redusera dagens 50 m avstandsgrense for nydyrkning langs vassdrag
- Behalda konsesjonslova, prisregulering, samt bu- og driveplikt på landbrukseigedommar

- Oppretthalda ei trygg veterinæravtordning
- Utvikla Hjelmeland som berekraftig reiselivsmål
- Auka overnattingstilbodet i kommunen
- Sikra lokal råderett og avkastning frå kommunen sine naturressursar
- Samarbeida tett med næringsorganisasjonane

## **Natur, klima og miljø**

Senterpartiet vil vera ein pådrivar for klimatiltak og respekt for natur og miljø.

Senterpartiet vil

- Arbeida for ei meir konkret tilnærming til FNs berekraftsmål
- Prioritera solenergi ved utbetring og bygging av nye kommunale bygg
- Auka energiproduksjon frå småkraft og bioenergi
- Gjennomføra klimatiltak i kommunen si drift
- Seia nei til vindindustrianlegg i urørt natur i Hjelmeland
- Ta vare på dyrka jord, oppretthalda kulturlandskapet og stimulera til nydyrkning
- Støtta rydding av strandsona ved fjord og vassdrag
- Vidareutvikla sti – og turløyper i samarbeid med grunneigarar og frivillige organisasjonar
- Ta vare på lakseelvane Storåna, Vormo, Ulla og Førreåna og sikra ein levedyktig villaks- og sjøaurebestand
- Setja krav om minstevassføring for Ulla og Førreåna i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra

- Sikra villreinen sine leveområde
- Støtta forslaget om villreinen som Noregs nasjonaldyr
- Ha berekraftig forvaltning av statsallmenningane

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Kommunen skal vera rusta til å handtera små og store akutte hendingar.

Nærleik og lokalkunnskap er viktige ressursar for vår samfunnstryggleik og beredskap.

Senterpartiet vil

- Oppretthalda og vidareutvikla det lokale brannvesenet
- Få på plass ny ambulansestasjon
- Styrka frivillige organisasjonar som bidreg til beredskapsarbeidet i kommunen
- Arbeida for førebyggjande tiltak for å minimera risikoen for akutte hendingar
- Busetja flyktningar som del av vårt samfunnsansvar

### **Kultur og fritid**

Den breie kulturen spelar ei sentral rolle i lokalsamfunnet for trivsel, identitet og personleg utvikling.

Senterpartiet vil

- Leggja til rette for eit allsidig kommunalt og frivillig kulturtilbod
- Tilby ein kulturskule med god kvalitet
- Styrka det frivillige organisasjonsarbeidet

- Styrka arbeidet med tiltak for inkludering av nye innbyggjarar
- Leggja til rette for fleire sosiale møteplassar
- Ta vare på verdfulle kulturskattar som mellom anna Årdal gamle kyrkje og Vigatunet, styrka formidlinga og nytta dei i næringsverksemd
- Sikra gode arbeidsvilkår for Kyrkja og god standard på gravplassane
- Revidera målbruksplanen for Hjelmeland
- Halda fram med utstyrsutleige gjennom Frilager

### Integrering og inkludering

Me vil ha eit samfunn der alle skal ha same moglegheit til å bli inkludert og integrert. Dette er ein viktig reiskap for å motverka utanforskap. Ingen personar eller grupper skal måtta tåla hets, trakkassering, usynleggjering eller diskriminering. Me vil ha fokus på sjølvråderett, medverknad, likeverd og haldningsskapande arbeid. Me vil ha i eit samfunn utan krenkande åtferd og rasisme.

Senterpartiet vil

- Støtta frivillige lag og organisasjonar som driv med inkluderingsarbeid
- Støtta tiltak som motverkar framandfrykt og diskriminering
- Bidra til at Hjelmeland tek imot og integrerer flyktningar i samarbeid med IMDi
- Støtta opp om frivillige språkkafêar og leksehjelp
- Halda fram med det gode arbeidet som vert gjort med det psykososiale miljøet i barnehage og skule

- Arbeida for at alle kommunale bygg skal fylgja krav om universell utforming
- Støtta tiltak for å motverka negativ sosial kontroll
- Arbeida for at begge kjønn skal vera representert med minst 40 % av leiarane på øvste nivå i kommunen

### **Kommunen som arbeidsgjevar og tenesteytar**

Hjelmeland kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar som leverer gode tenester til alle innbyggjarane. Rekruttering av kompetanse og arbeidskraft vil vera ei utfordring for alle kommunar framover.

Senterpartiet vil

- Ha faste tilsetjingar og heiltidsstillingar som hovudregel
- Ha kompetanse- og rekrutteringsplan for kommunen
- Støtta og vidareutvikla desentralisert utdanningstilbod
- At kommunale tenesteoppgåver i størst mogleg grad skal utførast av kommunen sjølv
- At Hjelmeland kommune skal vere ei attraktiv lærebedrift
- Sikra opne debattar og ytringsfridom. Det skal vera trygt å varsle om kritikkverdige tilhøve
- Utvikla kommunesenteret med godt privat og offentleg servicetilbod og vera ein triveleg stad å koma til
- Styrka innbyggjarkontakten gjennom gode digitale tenester og vidareføra eit bemanna publikumsmottak